

NR. 1

FEBRUAR 2005

39. ÅRG.



## Når teorien ikke stemmer

**D**et er enkelte ting en bare kan lære ved erfaring; det er ikke alltid det holder å lære **om** saker og ting. En vet ikke helt hva det dreier seg om før en har prøvd selv - og gjort sine egne (dyrekjøpte) erfaringer.

Det går an å lære **om** Jesus. En kan få grundig forklart hva det vil si å tro på ham; en vet likevel ikke helt hva det dreier seg om før en har prøvd det, og selv erfart det.

I Bibelen er det fortalt en underlig historie om at Jesus sender disiplene på sjøen; selv holder han seg på land. Så blåser det opp til uvær, og i båten kjemper de mot været hele natta. Men på mogensida kommer Jesus til dem - gående på sjøen! Nå får også Peter prøve å gå på sjøen, men når han begynner å synke, må han reddes av Jesus (Matt 14,22-33).

Problemet i denne fortellingen er ikke uværet, men Jesus: Han som vet alt; visste han ikke om uværet som ville komme? - tenker vi. Hvorfor sendte han dem ut akkurat **da**?

En ting er å diskutere disse spørsmål som et teoretisk problem. Men når vi selv blir innhentet av det vonde og meningsløse og uforståelige, hjelper det ikke å diskutere "hvorfor". Og **en** ting er å bli innhentet av ulykker som skyldes ens egen dumhet. Virkelig vanskelig blir det når en har forsøkt å legge sitt liv i Guds hender, og så oppdager at en like fullt sitter en igjen i et meningsløst kaos. Hvor er Gud **da**? Hvor er Jesus **da**? En føler seg lurert av Gud.

Det er enkelte ting som bare kan læres ved erfaring. Det vi nærmer oss nå, hører til blant dem. Og nå bryter

det på dypt vann. Vi er på hellig grunn! Dette hører til blant de dypeste hemlighetene i livet med Gud. Her sømmer det seg å gå stille. Alle teorier blir små, alle forklaringer blir mangelfulle.

Det merkelige er at en fortsetter å tro; at en ikke for lengst har kastet troen over bord. Sterkere vitnesbyrd om at troen på Gud er noe mer enn teori og intellektuell overbevisning, finnes knapt. Når alt taler **mot** at det finnes en Gud som bryr seg om deg, som elsker deg, og har omsorg for deg - og du så likevel våger å stole på ham.

Av og til blir det sagt at Gud "prøver" oss. Det kan riktig nok sies på en banal og "lettvint" måte, men når folk som har levd med Gud gjennom år, prøvt litt av hva livet kan by på av vær og uvær - når de snakker om prøvelser, er det ikke brautende og lettvint: De vet at det var i krisetider, da stormen holdt på å dra en over ende, at en lærte å rope til Gud. Da en var på nullpunktet og ikke så noen annen utveg, **da** fikk en øye på Jesus. .... Vi er på hellig grunn.

Peter var også på nullpunktet da han oppdaget at han sank. Hvor var nå troen?, kan vi spørre. Den var der. Det er nemlig ikke bare snakk om hvor sterk tro du har, men hvem du tror på. Og Peter visste hvem han skulle rope til da han var på nullpunktet. Og da han ropte, var Jesus der. Dette er selve hemligheten ved troen: at det er en tro på Jesus. Om du da ikke er i stand til å rose deg av din tro, kan du rose deg av Jesus. Det er nok det.

Jan Kåre Jakobsen

Ytre Arna:

## 40 dagar med mål og meining

**K**va med å gjere litt ekstra ut av fastetida i år? Det er i alle fall det vi inviterer til med opplegget "40 dagar med mål og meining". Opplegget bygger på boka "Målretta liv" av Rick Warren, ei bok som i dag blir brukt verda over.

Mange opplever at det er få bøker som har så mykje å gje og som utfordrar oss slik til å leve eit liv med nettopp mål og meining, sett frå ein kristen synsstad. Boka er delt i 40 kapittel, og passar slik svært godt for eit opplegg i fastetida.

Samstundes vil vi forkynne og undervise i dei fem hovudtankane i boka dei fem søndagane i fastetida. Vi håpar at mange vil prioritere å fylgje denne temaserien, samstundes som ein dagleg kan fordjupe seg i dei same emna ved å lese eitt kapittel i boka kvar dag frå fastelavnssøndag og fram til påskeferien. Boka vil vere til sals etter gudstenesta 19 februar, og kan elles tingast ved å ringe Arne Mulen på 90 55 80 49.

Arne Mulen

Temaserie "Målretta Liv":

**Søndag 5. mars kl 11** i Ytre Arna kyrkje "Du er skapt til fellesskap med Gud" – om tilbeding

**Søndag 11. mars kl 19** i Ytre Arna bedehus "Du er skapt til fellesskap med Guds familie" – om fellesskap

**Søndag 19. mars kl 11** i Ytre Arna kyrkje "Du er skapt for å likne på Jesus" – om disippelskap

**Søndag 26. mars kl 19** på Haugland bedehus "Du er skapt for eit oppdrag" – om misjonsoppdraget

**Søndag 2. april kl 11** i Ytre Arna kyrkje "Du er skapt til teneste" – om å tene Gud og nesten

Kvar veke:

### Open kyrkje i Arna

**K**var fredag (med unntak av siste fredag i månaden) mellom kl 19.00 og 19.30 er Arna kyrkje open for stille, bøn og meditasjon. Du kan komma inn, bruka rommet, tena eit lys, knela ved altarringen, setja deg ned med ein bibel eller ei bønabok, eller rett og slett berre vera der. Roleg musikk frå CD fyller rommet denne halvtimen.

Det er bønemennda i Arna kyrkjelyd som står for den praktiske gjennomføringa.

- Vi legg på denne måten til rette for at eit behov som vi trur finst, kan stettast. Det er Kari Myhr, leiar av bønemennda, som seier dette til kyrkjelydsbladet. – Det er berre dei færreste som finn seg til rette i "gammaldage bønemøte". Dette tilbodet femner mykje vidare. Ingen skal "pretera" noko, ingen blir spurde om å be høgt, og ein får lov til å gå like anonym som ein *kom*. Eg vil difor - på ein særleg måte - understreka at *alle* er velkomne, fredag mellom kl 19.00 og 19.30.

JKJ

## Kveldsretreat i Arna kyrkje

**F**redag 18. november arrangerte vi ein kveldsretreat i Arna kyrkje. Vi var svært spente på korleis dette ville bli tatt imot. Men ein fin flokk møtte opp og gav oss frimod til å arrangera noko liknande igjen. Og det skjer **fredag 24. mars** kl 18.30-21.30.

Med ordet retreat meiner vi – i vår samanheng – å vera stille saman med Gud. Det er eit fellesskap der det ikkje er snakk om å *prester* noko. Du skal få lov til å vera den du er, i møte med Gud. Retreaten legg til rette for å søkja Gud og ei djupare per-


sonleg sameining med ham i Jesus Kristus.

Eit særkjenne for retreaten er at vi ein stor del av tida er stille - samtidig som det er struktur og program. Mellom anna nyt vi eit enkelt kveldsmåltid utan at vi snakkar saman. Det kan opplevast uvant, men det kan òg opplevast godt og frigjerande (sjølv om ein ikkje har vore med på det før) - at ein ikkje "må konversera" ved bordet. Retreatkvelden vert avslutta med nattverd. Deltakarane betaler kr 50 til dekking av utgiftene.


Ytre Arna:

### Vil du bli med i Cellegruppe?


*Ei cellegruppe er ei gruppe som består av 6-10 personar som møtest med jamne mellomrom, denne våren som regel kvar tredje veke, for å dele tvil og tru, gleder og sorger, tankar og spørsmål.*




Vi treng også fellesskap der vi ikkje sit på rekke, men i ring. Cellegrupper er eit slikt fellesskap der vi kan få komme som vi er og oppleve eit trygt og inkluderande fellesskap.



Ei cellegruppe er ein stad der vi saman finn hjelp til å leve som kristne i kvardagen. Vi kan gjere noko for nesten, vi kan bere kvarandre i bøn, vi kan gjere noko i fellesskapet.



Ei cellegruppe er ein stad der Gud er nær i fellesskapet, og vi kan få vende oss til han i takk og bøn.



Ei cellegruppe er ein stad der vi saman søker næring til liv og tru. Vi har alle noko å lære av kvarandre når vi deler tankar og spørsmål knytt til bibeltekstar og forkynning vi har høyr.

I ei cellegruppe er det alltid ein ledig stol. Når vi blir mange deler ei cellegruppe seg i to. Det er ein stad der vi kan vekse som fellesskap, som menneske og som kristne.

Vil du melde deg på eller vite meir, kontakt:

**Arne Mulen** 90 55 80 49  
**Solfrid Stein** 48 22 15 63  
**Eva Bognøy** 45 45 75 61

## Frå arbeidet i Indre Arna bedehus

**I**ndre Arna Indremisjon vart stifta 3. des. 1925, og kan såleis sjå attende på virksomhet i 80 år. Den første tida vart møtene haldne i Ljoshall, Indre Arna skule, Bergens guttehjem, Kyrkja og kring i heimane. Frå 1950 hadde ein møtene i Borgstova.

I 1967 byrja arbeidet med å bygga bedehuset. Mykje av arbeidet vart gjort på dugnad.

I 1974 vart bedehuset teke i bruk, men det var ikkje heilt ferdig på denne tid. Huset vart vigsla 14.nov. 1976. I første høgda driv Arna kyrkjelyd barnehage. Etter at bedehuset vart teke i bruk, har dette vore samlingsstad for born, unge og eldre. For tida er måndagane borna sin dag. "Barnerøster" og "Jonasklubben" har sine samlingar då. Dessutan er dette også musikklaget sin øvingskveld. Ein torsdag for månaden er det ettermiddagstreff. Dei andre torsdagane samlast ein til samtale og bøn. Dei fleste søndagane er det kveldsmøter. Bedehuset vert også nytta av andre lag og organisasjonar til møter, basar og festar.



## Sorggruppe

Den 10. januar hadde vi siste samling i sorggruppen. Jeg går hjem med ro i hjerte og en god erfaring rikere. Vi var en gruppe på syv, med to fantastiske ledere, som hadde en ting felles. Alle hadde vi mistet en vi er glad i.

Kjærlighet til våre kjære som dør, går ikke over, den skal vi leve med resten av våre liv. Vi fikk fortelle våre historier i et rom der dette var godt å gjøre. Det er også veldig viktig for å klare livet videre.

Alle er velkommen, uansett hva du tror på. Om det er gått lang tid siden du mistet din kjære, betyr heller ingen ting. For meg var det et godt valg å være med; det kan det bli for deg også.

Vennlig hilsen  
Kari L. Faugstad.

## Ny sorggruppe

har nettopp starta (7. februar), og har hatt ei samling. Grappa møtest kvar 14. dag. Det vil vera til saman 10 samlingar, siste samling like før ferien.

Det er mogleg for nye å bli med frå samling nr 2.

Meld frå til kyrkjekontoret med ein gong, tlf 55 36 22 70 / 55 36 22 74.

## Kirkens SOS trenger flere medarbeidere!

Kirkens SOS trenger flere frivillige medarbeidere, og starter derfor nytt kurs i samtaleferdigheter og krisehåndtering. Kurset går på tirsdagskvelder. Medarbeiderne har vakt ca. hver 12. dag, og får støtte og veiledning så lenge de er med i tjenesten.

For å bli med må du være over 20 år. Oppgaven er å lytte til innringer, og tåle å møte et annet menneskes smerte og sorg. Medarbeidere skal ikke finne løsninger eller "gode råd".

Velkommen til en viktig og meningsfull tjeneste og et godt fellesskap!

Ring oss på tlf. 55 32 58 45 på dagtid eller 480 35 841 kveld og helg.

Du finner mer informasjon på [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)



## KYRKJESKYSS

Våren 2006



### ARNATVEIT / INDRE ARNA / YTRE-ARNA-VEGEN

19.02.06	Odd Kjos	55 24 17 82
26.02.06	Erling Osland	55 24 09 34
05.03.06	Jostein Monstad	55 24 32 20
12.03.06	Odd Kjos	55 24 17 82
19.03.06	Erling Osland	55 24 09 34
26.03.06	Jostein Monstad	55 24 32 20
02.04.06	Odd Kjos	55 24 17 82
09.04.06	Erling Osland	55 24 09 34
16.04.06	Jostein Monstad	55 24 32 20
23.04.06	Odd Kjos	55 24 17 82
30.04.06	Erling Osland	55 24 09 34

### HAUKELAND


19.02.06	Olaug Lyhammer	55 24 00 21
26.02.06	Sverre Myklebust	55 24 29 05
05.03.06	Ingrid Hope	55 95 01 11
12.03.06	Gerd Borge	55 24 17 44
19.03.06	Olaug Lyhammer	55 24 00 21
26.03.06	Sverre Myklebust	55 24 29 05
02.04.06	Ingrid Hope	55 95 01 11
09.04.06	Gerd Borge	55 24 17 44
16.04.06	Olaug Lyhammer	55 24 00 21
23.04.06	Sverre Myklebust	55 24 29 05
30.04.06	Ingrid Hope	55 95 01 11

### TUNES / GARNES

19.02.06	Ragnar Aabrekk	55 24 25 27
26.02.06	Leidulf Almenning	55 24 25 52
05.03.06	Kari Claussen	55 24 12 20
12.03.06	Malvin Klementsens	55 24 29 56
19.03.06	Ragnar Aabrekk	55 24 25 27
26.03.06	Leidulf Almenning	55 24 25 52
02.04.06	Kari Claussen	55 24 12 20
09.04.06	Malvin Klementsens	55 24 29 56
16.04.06	Ragnar Aabrekk	55 24 25 27
23.04.06	Leidulf Almenning	55 24 25 52
30.04.06	Kari Claussen	55 24 12 20

## 10 dager med sterke inntrykk

Reiserapport frå Mali



Overalt kom borna og ville ha kontakt med oss.

5 personar frå Ytre Arna var rett før jul så heldige å få vera med på tur til Mali i Vest-Afrika i regi av Normisjon, region Hordaland. Vi hadde store forventningar, men dette vart ei fantastisk oppleving som vi aldri kjem til å gløyma! Eg kunne ha fylt heile bladet med alt det flotte eg gjerne skulle ha delt med dykk frå Mali, men her er det altså berre plass til nokre få glimt.

### TAMBAGA.

Sidan Ytre Arna kyrkjelyd har malinké-folket i Tambaga som sitt misjonsprosjekt vil eg i hovudsak fortelja om det vi såg og hørde i Tambaga-området.

Anita og Hølje Haugså, som var dei fyrste utsendingane til denne landsbyen har vore i Norge i 2005, så dei møtte vi ikkje i Mali. Men mange av oss fekk møta ein engasjert Hølje Haugså då han var i Ytre Arna bedehus på misjonkveld 13. oktober

Vi var i Tambaga ein søndag, og fekk då vera med på gudsteneste i den nye kyrkja. Vi møtte unge, engasjerte leiarar som verkeleg brann for at folket i landsbyen skal få møta Jesus. Som ei synleg helsing frå Ytre Arna kyrkjelyd hadde vi med oss ei fin

dreia treskål – laga og gitt av Alf Brekhus – med vår kyrkje svidd inni. Dette vart høgtideleg overrett, og svært godt mottatt. Som de vil sjå av biletet er alteret og benkane veldig enkelt laga, men dei er så takksame for at dei har eit hus dei kan samlast i.

Det var så kjekt å rusle rundt i landsbyen der folket bur i klynger i sine stråhytter. Mange barn og vaksne kom og ville helsa på oss. Som tradisjonen er måtte vi og helsa på landsbysjefen. Son hans Nfaly var ein av dei første som vart døypst i landsbyen, og sjølv om far hans er muslim har han heile tida vore positiv til sonen sitt val og det arbeidet som misjonen driv. Vi vart invitert inn på gardsplassen, og ved hjelp av tolk fekk vi ein fin samtale med han og fekk spørja om mangt når det gjeld folket



Nfaly tek imot gåve frå Ytre Arna kyrkjelyd. Tolk Harald Fylling.

delar. I enkelte landsbyar er det berre 2-3 i ein kyrkjelyd som kan lesa og skriva, og då forstår vi at opplæringa tek tid.

For Normisjon er det heilt naturleg at det humanitære arbeidet går parallelt med evangelisering. I kyrkjelydsbladet har vi tidlegare skreve om nye brønningar, apotek, sjukestove og fødestove som er starta opp i Tambaga. Her var det svært enkle forhold, men vi fekk sjå at dette no fungerer, og vi veit at vi med vår støtte er med på å redde liv her. Alt dette vert no dreve av nasjonale, men med rådgjeving, hjelp og støtte frå misjonen. Dette er ein heilt klar strategi med tanke på at

dei skal få eit eigartilhøve til dette, noko som igjen skaper eit større engasjement.

I tillegg til Tambaga fekk vi og besøkje fleire andre landsbyar og vi fekk et par dagar i hovudstaden Bamako. Vi fekk med

og landsbyen. Veldig fint å få koma så tett på folket og få høyra om deira kvardag – på godt og vondt - så utruleg ulik vår.


På ettermiddagen reiste vi til Kulobo – ein nabolandsby til Tambaga. Inga kyrkje, men vi samlast på plassen framfor eit enkelt skulehus. Eindel folk var samla då vi kom, men fleire og fleire kom til, og det vart sikkert rundt 200 menneske – vaksne og barn i alle aldrar. Det var blitt mørkt, men aggregatet og ei lampe i eit tre gav litt ljøs, slik at vi kunne sjå den unge leiaren vi hadde med frå Tambaga då han talte. Denne flokken gjorde eit sterkt inntrykk på oss. Mange nye på veggen som treng at nokon ber for dei! Denne og fleire landsbyar rundt Tambaga vil gjerne har meir besøk og dåpsopplæring.

Ei utfordring i arbeidet er at svært få kan lesa og skriva, og då hjelper det lite om misjonen har laga små hefter og bibel-



Deltakarane frå venstre: Knut og Aud Else Vesetvik, Benthe Vevele Birkeland, Kirsti D. Rolland, Kristoffer Rolland.

Landsbysjefen i Tambaga



oss solnedgangen i pirog på Senegalfloden og såg og så vidt i toppen på flodhestane – på trygg avstand. Vi kunne skreive om mange timars køyring i bil på vegar og gjennom terreng - som ikkje kan beskrivast slik at dei som ikkje har opplevd det vil forstå.

Så ulikt Norge på alle måtar, men å få lov å møte dette venlege folket, og få sjå med egne auge arbeidet som vi har lese så mykje om gjennom mange år – det var stort! Godt og å få møta og kjenna fellesskapet med Normisjon sine utsendingar som tok så godt imot oss. Klart vi og fekk høyra om utfordringar og vanskar, men vi er utruleg takksame for at vi har fått del i dette.

Takk til alle i Arna som har vore med å gi si støtte til dette arbeidet, og håpar de fortsatt vil stå saman med Normisjon gjennom bønn og økonomisk støtte til malinké-folket i Tambaga.

*Aud Else Vesetvik*



Å eta middag med berre nevane frå "fellesfat" var ei stor utfordring.

## 10 prosent til misjon

Ytre Arna kyrkjelyd ynskjer å vere ein misjonerande kyrkjelyd. Både lokalt og globalt vil vi arbeide for at fleire skal få møte Jesus.

På soknerådsmøtet i januar vedtok soknerådet at 10% av ikkje-øyremerka gæver til kyrkjelyden skal gå til misjonsprosjekta våre. Det skal vere kyrkjelyden sin tiende. Av alt som blir gitt til kyrkjelyden frå 1.1.2006

gjennom fast gjevarteneste og ofringar til kyrkjelydsarbeidet generelt, vil altså 10% gå til misjonsprosjekta våre. Dette vil ikkje gjelde ofringar til eksterne organisasjonar og institusjonar, og heller ikkje øyremerka ofringar til kyrkjelydsarbeidet (til dømes diakoniarbeid eller konfirmantarbeid).

Vi gleder oss over at så mange som 5 personar frå Ytre Arna drog til Mali i fjor for blant anna å bli betre kjende med misjonsarbeidet vi støttar i Tambaga.

I løpet av varen kjem soknerådet til å velje ut eitt misjonsprosjekt til som vi vil gjere til "vårt" misjonsarbeid, saman med arbeidet som vi allereie støttar i Mali.

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døyppte

### Arna sokn

- 27.11. KAROLINE GJERSTAD-BJØRK-  
MANN  
27.11. JOHAN FYRAND GARNES  
27.11. THEA GJERDE RAVNESTAD  
27.11. HEIDI MARIE ANTHUN  
27.11. NATANIEL SKJØNDAL-BAR  
27.11. VESLA SOFIE NYGÅRD OLSEN  
04.12. JAVIERA FRANCISCA CONTRERAS  
SAAVEDRA  
04.12. SAMUEL ANDRÉS SAAVEDRA  
BAKKE  
11.12. INGEBOG BIRKNES  
11.12. VEGARD RIBESEN  
11.12. HEIDI RIBESEN  
11.12. SUSANNE BJØRKE ANDERSEN  
11.12. ROMEO SKARTVEIT HAUGLAND  
11.12. ANDREAS HOLM  
11.12. JØRGEN BORGE OLSEN  
11.12. MADELEINE BORGE OLSEN  
25.12. MARCUS FARDAL-JAKOBSEN  
01.01. KRISTIAN JEREMIAS STØYLEN  
15.01. ADRIAN HELGESEN  
15.01. JARDAR HAARSTAD SVENDSEN  
15.01. MARKUS LINGA IDEN  
15.01. SARAH LILLEFOSSE SANDVIK  
22.01. INA MALENE RYSJEDAL  
29.01. MARTIN SEAN ROHDE  
29.01. TINIUS WAAG SOLBERG

### Ytre Arna sokn

- 20.11. TRULS RISHOLM HELDAL  
18.12. JENNY INGRID TELLE LARSSON

- 18.12. JOHANNA AGNETE TELLE  
LARSSON  
08.01. ANDREAS HAUGLAND  
BERNTSEN

## † Døde

### Arna sokn

- 04.11. ØRNULF STENBERG  
09.11. ELINOR MARGRETE SMÅLAND  
16.11. ANNE LISE LILLIAN NORDAL  
17.11. MAGNE JOHAN SOLVANG  
18.11. ANNA KRISTINA KLEIVELAND  
18.11. OTTO BJØRGÅS  
18.11. OLAV MJELDE  
06.12. AMALIE DRØSDAL  
16.12. KARI MATHILDE SKJØNDAL  
21.12. OLGA HERLAND  
23.12. MARIT KNOPH  
28.12. SIGURD LIE  
30.12. MAGNUS KÅRE HERFINDAL  
04.01. RØNNAUG HELENE HALLAND  
05.01. KONRAD JOHAN BERG  
12.01. NILS JOHAN KJESETH  
17.01. ANDREAS BERNHARD HUND-  
HAMMER  
24.01. ELSE ARNATVEIT  
26.01. HELGA HERLAND  
27.01. OLAV ROMSLO

### Ytre Arna sokn

- 25.11. OSVALD THUNES  
02.12. MAGNUS BERTIN STEINSLAND  
13.01. OLIVA BORGHILD HUNSHAMAR  
20.01. HULDA RIVENES

## Offer

### Arna kyrkje

- 27.11 Kyrkjelydsarbeidet 5002,00  
27.11 Kyrkjelydsarb. Ung.arb 3361,00  
11.12 Kyrkjelydsarb. Dåpsutv. 5358,50  
18.12 Bibelleseringen 4333,50  
24.12 Arna Sokneråd diakoni 8695,50  
24.12 Kirkens Nødhjelp 7959,00  
24.12 Kirkens Nødhjelp 9312,00  
25.12 Nor Misjon Banglad. 5760,00  
26.12 Åpne Dører 8014,00  
08.01 Norsk Luthers Misjon 8135,50  
5.01 Kyrkjelydsarb. 5207,00  
22.01 Ungdons arb. Arna 4210,00  
29.01. Kyrkjelydsarb. 3910,00

### Ytre Arna kyrkje

- 04.12. Dåpsopplæringsutv. 2088,50  
18.12. Kyrkjelydsarbeidet 1804,00  
24.12. Kirkens Nødhjelp 9597,50  
25.12. Det Norske Misjonsselskap 3456,50  
01.01. Kyrkjelydsarbeidet 1301,50  
08.01. Kyrkjelydsarbeidet 2531,00  
22.01. Dei 4 diakoni 1770,00

### Stoff til kyrkjelydsbladet

Neste nummer av bladet  
kjem 29. mars.  
Frist for innlevering av stoff  
er 15. mars.

### ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Postboks 64 Indre Arna, 5888 Bergen. E-mail: arna.menighet@bkf.no  
Tlf. 55 36 22 70. Fax. 55 36 22 79. Kontoradresse: Lakslia 21, Kyrkjelydshuset, Indre Arna.  
Kontortid: Mandag - fredag kl. 09.00-14.00.

Soknerådsleiar Ytre Arna: Tor Oddvar Holmefjord  
Soknerådsleiar Arna: Ingmar Ljones

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 06 57. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-12.00.

## Dei tilsette i kyrkjelydane

Sokneprest Jan Kåre Jakobsen  
Ådnav. 15, 5260 Indre Arna  
Tlf. 55 24 06 86

Kapellan Arne Mulen  
Gamlevegen 8 - 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 25 73 92

Kateket  
Erik Rodal  
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 00 41

Kateket  
Mia Krüger  
Neset 49, 5267 Espeland  
Tlf. 98 81 08 75

Ungdomsarbeidar  
Jarle Myksvoll  
97 77 61 10

Ungdomsarbeidar Arna  
Margreta Straume  
Tlf. 99 03 66 84

Ungdomsarbeidar  
Hilde Grøteide  
Tlf 976 61 205

Eitt-åring i Ytre Arna  
Arne Vesetvik  
tlf. 90 95 33 76

Telefonnr. til kontorene  
Jan Kåre Jacobsen  
Tlf. 55 36 22 74

Arne Mulen  
Tlf. 55 36 22 75

Erik Rodal  
Tlf. 55 36 22 72

Mia Krüger  
Tlf. 55 36 22 77

Kyrkjelydskonsulent  
Benthe Veve Birkeland  
Tlf. 55 59 71 65

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN

Redaktøransvar dette nummer: Benthe Veve Birkeland.

Redaksjonsnemnd: Tor O. Holmefjord

Bladpengar: Kr. 100,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 7877 06 96991.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Kokstadflaten 40, Boks 46 Kokstad, 5863 Bergen

Nå starter det endelig:

## Småbarnstreff i Arna kyrkjelydshus!

Et intervju med lederen for det hele:

Navn: Møyfrid Opheim.

Er gift og har 2 barn.

Er leder for dåpsutvalget i Arna kyrkjelyd.

Utvalget har nå gått inn for å satse mer på småbarna i menigheten og vil i den sammenheng starte småbarnstreff.

### Hva går dette ut på?

Dette er først og fremst en sosial happening, hvor en har muligheten til å knytte nye kontakter. Det er et tilbud med kristent profil for de som bare er hjemme på dagtid. Det blir sang og lesestund og mulighet for å nyte medbrakt lunsj. Det blir også tid til lek for de små og prat for de voksne.

### Hvorfor kommer dette tilbudet nå?

Vi er i totalt mangel på tilbud for de minste i kyrkjelyden. Dette vil vi gjøre noe med og dåpsutvalget synes det er viktig med en

møteplass for de som går hjemme på dagtid. Det første tiltaket i dåpsopplæringsplanen er 4 års boka og vi synes det hadde vært kjekt å bli kjent med barna før den tid.

### Når og hvor er det?

Annen hver onsdag i kyrkjelydshuset i klokka 11:00. Oppstart blir annonsert i bygda-nytt på plakater og i kyrkjelydsbladet. Første gang blir 8 mars.

### Hvem kan komme?

Alle som er hjemme på dagtid med små unger. Om dere er foreldre, besteforeldre, dagmamma, faddere eller hva det måtte være. Opplegget er rettet mot de små, men er åpent for alle, så har du ikke noe barn å ta med, men ønsker likevel å komme er det bare å gjøre det.

Så da er det bare å smøre nistepakken og komme ned på kyrkjelydshuset *onsdag 8. mars klokka 11:00.*



**KOM OG HØYR!**

**Julius Paltiel fortelje sin historie frå konsentrasjonsleiren Auschwitz 1942-45**

No har alle som bur i Arna-området ein einestående sjansje til å høyre korleis det var å vere jøde i Europa før og under andre verdenskrig, då nazismen herja som verst under Hitlers "endelege løysing på jøde spørsmålet". Julius Paltiel er ein av dei 28 overlevande av dei i alt 767 norske jødar som vart sendt til konsentrasjonsleirar i Tyskland og Polen (Auschwitz – Birkenau). Natta mellom 6-7. oktober 1942, vart då 18 år gamle Julius Paltiel arrestert av norsk politi og avlevert til Gestapo. Det vart starten på fleire års mareritt. No etter 60 år, er det få att av dei som overlevde.

Difor ser han det som svært viktig å vitne om det han opplevde i dei nesten 3 åra han var i fangenskap.

**Tysdag 21. mars kl. 19.00 vil Julius Paltiel og hans kone Vera Komissar vere og høyre i Arna Kyrkje. Kom og høyre dei! Og ver velkomen! – Kollekt.**

Julius Paltiel som 18 åring same året han vart arrestert.

S.M.

I lokalpressa har det vore innlegg som har vore kritiske til at det vert kjøpt inn eit digitalt orgel til Ytre Arna kyrkje, og vi vil gjerne få kommentere noko av det som har kome fram.

## Meir om orgel og innsamla midlar til orgel

Det har blitt hevda at ein kunne få gode pipeorgel på plass i kyrkja for om lag 1 million kroner. Då vi tok kontakt med vedkomande person som hevda dette, viste det seg at prisen ville bli på om lag 1,25 millionar kroner. Det vil seie at det mangla minst like mykje pengar som kyrkjelyden til no har samla inn i løpet av 6 år. Ingen kan i dag seie når vi ville ha klart å samla inn dei nødvendige midlane. Vidare hadde den orgelmodellen som vedkomande viste til, 9 stemmer, medan vårt orgelprosjekt hadde 12 stemmer. Orgelkomitéen sin sakkynndige hadde også tilrådd oss å ikkje gå inn for noko mindre enn 12 stemmer. Det digitale orgelet som vil vere på plass i løpet av våren vil ha 44 stemmer.

Det er sjølvsagt slik at organistar helst vil spele på gode, og gjerne store pipeorgel. Det har vore målet for orgelkomitéen å få på plass eit slikt orgel, men utan utsikter om større løyvingar frå kommune eller store enkeltgåver, har ein valt å gå inn for eit digitalt orgel. Begge organistane i Arna, Bjørn Bergmann og Christopher Briggs, er positive til ei slik løysing. (Sistnemnde har no flytta, men ynskjer å komme tilbake for å gje konsert på det nye orgelet.) Vi vil understreke at også kyrkjevevja i Bergen har brukt orgelkonsulentar som hevdar at orgelet som vil komme i Ytre Arna kyrkje er eit svært godt instrument.

Vi meiner difor at vi står på trygg grunn når vi har valt å gå inn for denne løysinga. Vi trur det nye orgelet skal berike gudstenestelivet og vil kunne gje gode opplevingar av stor orgelmusikk i Ytre Arna kyrkje, både i gudstenester, bryllaup, gravferder og under konsertar.



Soknemøtet i Ytre Arna kyrkje 8. januar skulle så gje råd om korleis ein skulle bruke dei innsamla midlane til nytt orgel i Ytre Arna kyrkje (om lag 350 000 kroner), og som no vart til overs, sidan Bergen kyrkjelege fellesråd kunne fullfinansiere kjøpet av det digitale orgelet.

Det avgjerande har heile tida vore å forvalte desse pengane på ein respektfull måte. Forslaget frå orgelkomité og sokneråd var å kjøpe inn eit konsertflygel til kyrkja. Ein meinte at dette ville vere i tråd med intensjonen i innsamlingsarbeidet: Å gje eit løft for kyrkjemusikken og for kyrkja som kulturbygg. Eit flygel er, til liks med eit orgel, eit stort akustisk konsertinstrument som har noko monumentalt over seg.

Mange vel i dag også musikk til gravferder og bryllaup som eignar seg til piano/flygelakkompagnement, og eit flygel vil gje ein fyldigare lyd enn dagens piano. Også i gudstenestene i dag vert pianoet flittig brukt. Med eit nytt orgel og nytt konsertflygel på plass vil Ytre Arna kyrkje også kunne bli ei attraktiv konsertkyrkje.

Vidare føreslo ein å bruke noko av midlane til å oppgradere dagens musikklegg slik at det lett kan brukast av solistar, song- og musikkgrupper og kor, samt å kjøpe inn anna audiovisuelt utstyr som kan nyttast under gudstenester og andre arrangement i kyrkja.

Soknemøtet gjekk inn for desse forslaga med 25 mot 2 stemmer.

*Tor-Oddvar Holmefjord, leiar i soknerådet  
Benthe Vevle Birkeland, kyrkjelydskonsulent  
Bjørn Bergmann, organist i Ytre Arna  
Arne Mulen, kapellan*

# ARNA GRAVFERDSBYRÅ AS

Kåre Bj. Hopes eftf.

Døgnvakt tlf. 55 24 08 08

Står til teneste med alt ved dødsfall  
i Arna, Osterøy og omegn.



**SAMDALS** 55 90 19 80 hele døgnet  
BYRÅ Kommer også hjem for samtale.  
JONSVOLLSGATEN 1 J. Teigland – M. Hamre

**as Sarepta Blomster**

Tlf. 55 24 25 95 ØYRANE TORG 5260 INDRE ARNA

Vi utfører alle oppdrag innen  
blomsterdekoratørfaget

## Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i Arna  
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og  
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT  
55 32 55 50

Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris

## FØRERKORT KL. B

– Fornøyde kunder  
– Trygge sjåførere

Tlf. 55 27 15 12/92 26 66 33



## VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.  
Kransar, oppsatsar og bærebukettar fritt  
levert til  
Gravferda. Vi leverer og gravmonument.  
Tlf. 56597470- mob.91179766  
Einar Mjelde  
Tlf. privat 56597443

Frøydis  
SALONGEN

Garnesv. 108, 5234 Garnes  
Tlf.: 55 39 01 40

Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign  
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir  
trygghet

10 % for pensjonister alle dager.



Kranser, buketter,  
opsatsar

TLF. 55 24 08 09

Espeland Gartneri

Arthur Hope

Unnelandsvegen 540, 5260 Indre Arna

Din lokale  
storbank  
i Arna!

Nordea

Filial Arna – tlf. 55 24 92 00

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,  
konfirmasjon og barnedåp.

*Kleveland A.S*  
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

## Solberg Elektro

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Vi utfører elektroinstallasjon i bolig,  
industri og service.  
Gratis befaring, god service

Telefon: 41809620



# Velkommen til kyrkje

**Søndag 12.2.2006**

SÅMANNSSUNDAGEN

**YTRE ARNA BEDEHUS kl. 19.00**

Bibeldagen-Roald Evensen.

**ARNA KYRKJE kl. 11.00:**

JAN KÅRE JAKOBSEN. Dåp. Felles bibeldag kl. 19.00

**Søndag 19.2.2006**

KRISTI FORKLÅRINGS DAG

**ARNA KYRKJE kl. 11.00:**

OLAV VIKSE. Nattverd.

**YTRE ARNE KYRKJE kl. 11.00:**

ARNE MULEN. Temagudsteneste og forvaltning.

**Søndag 26.2.2006**

SUNDAG FØR FASTE

**ARNA KYRKJE kl. 11.00:**

ARNE MULEN. Dåp. Familiegudsteneste. 6-årsskulen.

**TRENGEREID KAPELL kl. 11.00:**

JAN KÅRE JAKOBSEN

**Søndag 5.3.2006**

1. SUNDAG I FASTE

**ARNA KYRKJE kl. 11.00:**

Liturg: Nattverd. Vikarbehov.

**YTRE ARNA KYRKJE kl. 11.00:**

JAN KÅRE JAKOBSEN.  
Tema: Tilbeding

**Søndag 12.3.2006**

2. SUNDAG I FASTE

**ARNA KYRKJE kl. 11.00:**

ARNE MULEN. Dåp.

**Søndag 19.3.2006**

3. SUNDAG I FASTE

**ARNA KYRKJE kl. 11.00:**

ØYVIND ØY.

Misjonsgudsteneste, Nattverd.

**YTRE ARNA KYRKJE kl. 11.00:**

ARNE MULEN. Tema: Disippelskap

**Søndag 26.3.2006**

MARIA BODSKAPSDAG

**ARNA KYRKJE kl. 11.00:**

JAN KÅRE JAKOBSEN. Nattverd,  
Familiegudsteneste. Dåp.

**TRENGEREID KAPELL kl. 11.00:**

AUDUN MAGNE STØLÅS.

**Søndag 2.4.2006**

5. SUNDAG I FASTE

**ARNA KYRKJE kl. 11.00:**

JAN KÅRE JAKOBSEN.

Temagudsteneste.

Ungdom ut av krig og krise

**YTRE ARNA KYRKJE kl. 11.00:**

ARNE MULEN.

Tema: Teneste

**Søndag 9.4.2006**

PALMESUNDAG

**ARNA KYRKJE kl. 11.00:**

ARNE MULEN.

**Torsdag 13.4.2006**

SKJÆRTORS DAG

**ARNA KYRKJE kl. 11.00:**

ARNE MULEN. Nattverd.

**YTRE ARNA KYRKJE kl. 11.00:**

JAN KÅRE JAKOBSEN. Nattverd.

**TAKVAM KAPELL kl. 19.00:**

ARNE MULEN. Nattverd.

**Fredag 14.4.2006**

LANGFREDAG

**ARNA KYRKJE kl. 11.00:**

JAN KÅRE JAKOBSEN.

**YTRE ARNA KYRKJE kl. 11.00:**

ARNE MULEN.

**Søndag 16.4.2006**

PÅSKEDAG

**ARNA KYRKJE kl. 11.00:**

JAN KÅRE JAKOBSEN. Dåp.

**YTRE ARNA KYRKJE kl. 11.00:**

ARNE MULEN.

**MANDAG 17.4.2006**

2. PÅSKEDAG

**BETANIA BEDEHUS kl. 11.00:**

JAN KÅRE JAKOBSEN. Nattverd.

**TRENGEREID KAPELL kl. 11.00:**

ARNE MULEN. Nattverd.